

Referat frå møte i samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU) og foreldreutvalet (FAU) ved Vågå ungdomsskule, Torsdag 1. februar.

Til stades:

HOKO: Lars Andre Lusæter

SU: Astrid H. Bjørndal og Hanne-Kari Bakke

SMU: Magne Solheim og Sigurd Rønningen

Elevrepresentant: Iver Lillebråten

Undervisningspersonalet: Ragnhild Aa. Aanstad

Skuleleiinga: Helen Øygarden og Margaret Sørum

(i tillegg representantar frå FAU: Ragnhild Løkken Steen, Eva Vistekleiven Karlstad og Tora Sandbu.

Forfall: Johanne Bakke – elevrådet

 Nina Hvoslef – undervisningspersonalet

 Iver Galstad – andre tilsette

Sak 1: konstituering av SU – SMU.

Leiar: Magne Solheim

Nestleiar: Ragnhild Aa. Aanstad

Sekretær: Hanne-Kari Bakke

Sak 2: Resultat nasjonale prøver hausten 2023

- Lesing 8. steg: færre elvar på nivå 1 enn innlandet og nasjonalt. Færre på nivå 2. større oppsamling en nasjonalt på nivå 3. fleire på nivå 4 og likt med nasjonalt på nivå 5
- Matematikk: færre enn nasjonalt på nivå 4, og fleire på nivå 2 og 3.
- Engelsk: tilbakegang i år.

Vi fekk også sjå ei oversikt over resultatet for alle ungdomsskulane i Nord-Gudbrandsdalen. Gir VUS ei grei oversikt over korleis vi ligg an i høve til dei omkringliggjande kommunane. Vi søker inn elevar til dei same vidaregåande skulane.

Målet for Vågå ungdomsskule når det gjeld nasjonale prøver, er å ligge på nasjonalt snitt eller over. Det gjorde vi på to av fem prøver denne gongen – lesing 8. og 9. steg. Vi låg eitt skalapoeng under nasjonalt snitt på to prøver – engelsk 8. steg og rekning 9. steg, og to skalapoeng under på rekning 8. steg.

Sak 3: Informasjon om Elevundersøkinga 2023: (gjennomført på 10. steg i år)

Hovudfunn nasjonalt:

- Auke i mobbing dei to siste åra på 10. steg og VG1. På 7. steg har andelen elevar som opplever mobbing hatt ein jamn auke sidan 2018.
- Færre elevar på alle steg er motiverte for å lære samanlikna med fjoråret.
- Elevane på 7. steg og VG1 opplever meir elevmedverknad enn elevane på 10. steg.

Hovudfunn Vågå ungdomsskule:




Trivselen er god – nasjonalt: svak nedgang

Færre elevar er motiverte for å lære.

På 10. steg er det rapportert om ingen mobbing, utanom når det gjeld digital mobbing. Her har nokon svara at dei blir utsett for det, emn så fåe at det er prikk, dvs færre enn fem.

Sak 4: resultat frå SePU-undersøkinga

- Låg deltaking frå foreldre Vågå ungdomsskule – 53,2%. Det gjer at resultatata her ikkje er valide. Må ha minst 70% svarprosent for at det skal vera valid.
- Fordelinga av foreldre som har svara, viser at det er stor overvekt av mødre som har svara på undersøkinga.



Sak 5: Diverse info frå ungdomsskulen

- **Rekneskap 2023:** i balanse
- **Budsjett 2024:** måtte kutte 1 årsverk + nesten ingen auke på driftspostar. Omstillingsprosess våren 24 – oppvekst og kultur skal ned 3,5 millionar i budsjett for 2025, 2 millionar i 2026 og 1,8 millionar i 2027 (heile sektoren, oppvekst og kultur) Skulen må sjå på drifta/organiseringa. Dette vil mellom anna gå utover to-lærar ordninga – tøff prosess.
- **Juleball:** Eit vellykka arrangement med godt oppmøte. Elevane fekk fri dagen etter for deltaking på juleball. Elevrådsrepresentanten fortel at elevane var svært positive til dette, og ikkje minst at det var eit mobilfritt arrangement. Tilsette hadde ansvaret for fyrste del, medan 10. stegselevane hadde ansvaret for andre del. Det vart arrangert quiz, leikar og ulike aktivitetar. Tilsette ved ungdomsskulen trur dei har funne ei god form på arrangementet, men vurderer å nytte hallen til polonese neste år. Det blir for trangt i kulturhussalen til dette.
- **Skuleåret så langt:**
 - Utfordringar: mykje tid på innkøyring på 8. steg for å forbetre læringsmiljøet
 - Mykje arbeid med klasse miljø på 9. steg (ekstra foreldremøte/elevmøter)
 - Har vore noko hærverk rundt om, og ein del utfordringar med mange som oppheld seg på toaletta i kjellaren (8. steg).
 - Opplever at det er vanskeleg å få ein del elevar å følgje regler

Skulen seier dei møter god forståing frå foreldre når ting blir teke opp.

- Symjeopplæring: hotellet opna i januar: prioriterer at 9. og 10. får symjing i år. (8. vil få to år med opplæring frå hausten 2024)
- Frokostservering fram til jul: Ikkje ein stor andel som nytta tilbodet.
- Oppfølging av fråver blant elevar. Mykje sjukdom før jul.

- Det har vore arrangert quiz for elevane eit par gonger dette halvåret. Vil halde fram med dette utover våren.

Dette skal gjennomførast i løpet av vinteren/våren:

- Maurvangen for 9. steg: Skulen ynskjer å teste ut eit meir komprimert opplegg, og kuttar i år ei natt på Maurvangenopphaldet.
- Personalseminar 26. april: Kunstig intelligens og bruken av dette kjem til å påverke samfunn, arbeidsliv og skule. Lærarar og skuleleiarar ynskjer meir kompetanse og forståing for denne teknologien.
- Eksamen våren 2024: skriftleg veke 20+21, munnleg 6. juni
- Balldag i mai

Sak 6: Orientering frå elevrådet

Elevrådet har stått bak ulike arrangement på skulen dette halvåret. Temaveka (ei veke der ein kan kle seg ut, med ulike tema kvar dag) slo godt an, og det var mange, både tilsette og elevar som hadde fine kostymer. Elevrådet kåra beste kostyme kvar dag. Elevrådet har også hatt eit halloween-arrangement på skulen.

På valentinsdagen, 14.februar, er det planar om sal av bollar og kakao.

Sak 7: Informasjon om «Midt i trynet», 21, feb:

Eit interaktivt og ærleg menneskemøte om rus, der fakta og dyrekjøpt erfaring går hand i hand. Ein opplysnings- og rusførebyggande foredrag som både elevar (frå 7.-10.steg) og foreldre/føresette er inviterte til å delta på. Foredraget går føre seg i kulturhuset frå 8.30-10.30 for elevane, og for foreldra frå 18.30-20.30. Vi håpar på stort frammøte frå foreldra denne kvelden.

Sak 8: Innmeldte saker

Ingen innmeldte saker

Hanne-Kari Bakke

Ref.